

SAMARBEIDSAVTALE

MELLOM

KOMMUNANE TINN, HJARTDAL, VINJE, TOKKE, FYRESDAL, NISSEDAL, KVITSEID, SELJORD OG VESTFOLD OG TELEMARF FYLKESKOMMUNE.

1. Oppgåvefellesskapets namn

Oppgåvefellesskapet har namnet «Kraftkompetanse Kommunalt Oppgåvefellesskap» («Kraftkompetanse KO»). Oppgåvefellesskapet er oppretta i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner 2018- 06-22-83 kap 19.

2. Kontorkommune

Hovudkontor for «Kraftkompetanse KO» er i Vinje kommune (Åmot).

3. Eige rettssubjekt

Oppgåvefellesskapet er eit eige rettssubjekt.

4. Deltakarane sin eigarandel og ansvarsdel

Oppgåvefellesskapet er eit eige rettssubjekt.

	Eigarskap %
Vestfold og Telemark fylkeskommune	14
Tinn kommune	23
Vinje kommune	23
Tokke kommune	15
Fyresdal kommune	5
Hjartdal kommune	5
Seljord kommune	5
Nissedal kommune	5
Kviteseid kommune	5
Totalt	100

Deltakar- og finansieringsansvaret for den einkilde kommunen/fylkeskommunen samsvarar med eigarfordelinga.

5. Styring:

Oppgåvefellesskapet skal styrast av ei samarbeidsavtale, eit representantskap, eit styre og dagleg leiar.

6. Representantskapet

Eigarane er likestilte i representantskapet og har ei røyst kvar. Representantskapet er øverste organ i Kraftkompetanse KO.

Vervet som leiar av representantskapet går på omgang mellom deltakerkommunane kronologisk i følgjande rekkefølge:

Vinje kommune, Tinn kommune, Tokke kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Hjartdal kommune, Seljord kommune, Nissedal kommune, Kviteseid kommune.

Representantskapets leiar har funksjonstid på eitt år. Funksjonstida følgjer kalenderåret.

Representantskapet held konstituerande møte straks deltakarkommunane har valt sine medlemmer og selskapet er registrert.

Representantskapet skal ha årsmøte innan utgangen av juni kvart år. Følgjande saker skal handsamast i dette møtet:

- Årsrekneskap og årsrapport for føregåande år
- Budsjett for neste år
- Fastsetjing av årleg deltakarinnskot
- Låneopptak
- Val av styre, styreleiar og nestleiar i styret
- Andre saker

Styret eller minst 2 av medlemmene i representantskapet kan kreve ekstraordinært representantskapsmøte.

Leiar av representantskapet er ansvarleg for innkalling. Innkalling til representantskapsmøte skal skje skriftleg med minst 1 månads frist. Skriftleg innkalling kan gjerast elektronisk.

Representantskapet kan vedta endringar i samarbeidsavtala som det er høve til etter loven. Slike endringar krev 2/3 fleirtal.

Andre vedtak i representantskapet vert gjort med fleirtal av røystene til dei frammøtte medlemmene. Ved røysteliksap avgjer røysta til leiaren av representantskapet.

Vedtak i representantskapet skal protokollerast.

7. Styret

Det skal vere eit styre på 5 medlemmer med personlege varamedlemmer valt av representantskapet. Representantskapet skal sikre at:

- Telemark fylkeskommune, Tinn, Vinje og Tokke kommunar har eitt styremedlem kvar.
- Fyresdal, Hjartdal, Kviteseid, Nissedal og Seljord kommunar har eitt felles styremedlem
- Styresamansetjing oppfyller reglane om kjønnsrepresentasjon, kompetansebehov, kontinuitet.

- Representantskapet vel leiar og nestleiar i styret.

Styret er ansvarleg for oppgåvefelleskapet si samla drift og oppgåveløysing.

Styret har møter etter behov. Styret kan vedta ein møteplan for året eller kallast inn når styreleiar eller minst 2 av styrets medlemmer krev dette.

Styreleiar er ansvarleg for innkalling. Innkalling til styremøte skal skje skriftleg med minst 1 veker frist. Skriftleg innkalling kan gjerast elektronisk.

8. Dagleg leiar

Det skal vere ein dagleg leiar for oppgåvefelleskapet tilsett av styret.

9. Oppgåvefelleskapets oppgåver og myndigheit

Oppgåvefelleskapets føremål er:

- Regionalt kompetansesenter for kraftsaker for kommunar og fylkeskommune.
- Regionalt kompetansesenter for forvaltning av naturressursar

Oppgåvefelleskapet skal ivareta interessene knytt til bruk av vasskraft og naturressursar for kommunane i Telemark og Vestfold.

Det er opent for andre kommunar enn dei som deltek ved stiftinga å knyte seg til oppgåvefelleskapet. Dette skjer etter søknad godkjent i det respektive kommunestyre hjå kvar deltagerkommune. Slik godkjenning krev endring av samarbeidsavtala som kan vedtakast samstundes med godkjenning av søknaden.

Representantskapet skal handsame utviding av oppgåvefelleskapet og gjere framlegg om ny eigar/ansvarsfordeling, før oversending til dei enkelte kommunestyra for godkjenning.

Oppgåvefelleskapet kan selje tenester til andre kommunar.

Oppgåvefelleskapet har ikkje myndigheit til å treffe enkeltvedtak utover vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte eventuelle tilskotsordningar.

10. Deltakarane sin innskotsplikt

Ved stifting av oppgåvefelleskapet gjer deltakarane eit innskot på NOK 0,5 mill.

Deltakarane skal betale årlege deltakarinnskot vedteke av representantskapet.

Fordeling av stiftingsinnskot og årlege deltakarinnskot skjer i høve til eigarandel og ansvarsdel jf. pkt. 4.

Oppgåvefelleskapet er eit «non-profit» - samarbeid. Eventuelt årleg mindreforbruk skal nyttast til reduksjon av det årlege deltakarinnskotet påfølgjande år.

11. Myndighet til opptak av lån

Oppgåvefelleskapet kan oppta lån. Låneopptak skal godkjennast i representantskapet.

12. Oppgåvefellesskapet si rapporteringsplikt

Styret skal rapportere til representantskapet. Representantskapet godkjenner rapportering frå styret og skal sende det til deltakarkommunane/ fylkeskommunen til orientering.

13. Uttredning av oppgåvefellesskapet

Ein deltakar som trer ut av oppgåvefellesskapet, har ansvar for sin del av forpliktelsane oppgåvefellesskapet har på det tidspunkt deltakaren trer ut.

14. Oppløysing av fellesskapet

Ved oppløysing av oppgåvefellesskapet har deltakarane ansvar for sin del av forpliktelsane oppgåvefellesskapet har på oppløysingstidspunktet.

Vinje kommune har ansvar for å ta vare på arkiva til oppgåvefellesskapet ved eventuell oppløysing.